## Jan Sunde kåsør i Bøkkerverkstaden

24.06.2010


Jan Sunde møter ein annan uskedeling, Einar Pile, under Reiselivsmessa i Bergen. (Foto: Toirfinn Myklebust)

**Den kjende reiselivsmannen Jan Sunde frå Uskedalen vil kåsera under Bøkkerkvelden laurdag.**

**Han har og ein spesiell tilknytning til staden. Mor hans, Hanna - gift med Leif Sunde - kjem frå det Rød-bruket som Bøkkerverkstaden tilhøyrer i dag.**

Kristian Bringedal opplyser at programmet no er klart og at det framleis er nokre ledige plassar.

Det er frammøte seinast klokka 21.Programmet er tradisjonelt, til dømes skal Borge Olsen kvartett spela også i år. Dei har med seg den kjende jazzsaksofonisten Ole Jacob Hystad denne gongen.

Lubbesild og poteta står sjølvsagt på menyen også i år. Det blir bål i stranda og arrangøren oppmodar dei som har båt til å koma sjøvegen, til den fine kaia.

Det blir sikkert også nokre uventa innslag.

Jan Sunde er mellom anna kjent som ein krumtapp i den årlege Reiselivsmessa i Bergen, som han var med og stifta. Han reiste frå Uskedalen då han var 15 år og seinare har han ikkje budd her. Han har alltid vore reiselivsinteressert og for 25 år sidan fekk han i gang turoperatørselskapet RunWay saman med Bergen-Nordhordland Rutelag. HSDs reiseoperatørselskap Unitur gjekk saman med RunWay i 1992. Til for få år sidan har Sunde eigd 10 prosent i de samanslutta selskapet. No eig Tide heile selskapet.

Sunde er leiar for reiselivsavdelingen i Tide Reisers nye opplevelseskonsept Neste Blåne.

Av Ola Matti Mathisen